


MUSIKK

Dylan går akustisk

Som «Murder Most Foul» i mars er den nye songen «I Contain Multitudes» eit slag attersyn med Bob Dylan før rocken tok han.



SONGTEKST

BOB DYLAN:

I Contain Multitudes
SPECIAL RIDER MUSIC

Tre veker etter at Bob Dylan gav ut songen «Murder Most Foul», kjem no ein til, «I Contain Multitudes» – dei to fyrste eigne songane han har gjeve ut sidan albumet *Tempest* i 2012. Kva er det med dei som leier tankane til den 23 år gamle songpoeten i 1964?

På nolevande kunstnarar har som Bob Dylan gripe så rett inn i si tid og samhandla så aktivt med samtida. I dei snøgge stilsifta hans i 1960-åra var han som eit lite tannhjul som greip inn i eit større tannhjul, ungdomskulturen, som på si side dreidde i lag med det store tannhulet, historia. Små hendingar fekk omgrepstatus, som at han i 1965 skifta frå kassegitar til elgitar og «gjeikk elektrisk».

AKUSTISK

Mindre merksemd har det fått at han kring 1964 syntte litterær verksemd utover songane, med skriftdikt og prosatekstar, påverka av mellom andre fylgjesveinen og beatpoeten Allen Ginsberg (1926–1997), som i sin tur var påverka av Walt Whitman (1819–1892).

I dei to nye songane er det fleire teikn som tyder på at Dylan no utforskar ståtader i den førelektriske perioden i 1963–1964, både det akustiske uttrykket og det litterære universet. I same lei peikar hendingar frå dei åtte åra som har gått sidan sist han gav ut eigne singlar: Han har spelt inn tre album med amerikanske singlar frå før rocken, og han har motteke Nobelprisen i litteratur.

«Murder Most Foul» grip direkte tilbake til den akustiske tida ved at songen tek føre seg mordet på president John F. Kennedy i november 1963, ei hending som var med på å akselerera stilsifta til den unge Dylan i åra som fylgde.

Me skal sjå at det går linjer

attende til 1963–1964 i «I Contain Multitudes» òg, men fyrst: Kva har dei to nye songane sams, anna enn at dei bae høyrer til det som i gamle dagar kunne ha vore gjeve ut som eit nytt platealbum?

Den akustiske produksjonen er alt nemnd. «I Contain Multitudes» er ein stillfaren og forsiktig arrangert ballade, perkusjonslaus, med lågt brummande cello og varsame gitarar, ikkje ulik «Murder Most Foul», men med meir melodiline i vokalen.

LITTERÆR

Sams er òg at bae dei nye songane hentar tittel og refrengledd frå to hovudverk i engelskspråkleg diktning, høvesvis *Hamlet* av William Shakespeare og «Songen om meg sjølv» av Walt Whitman. Slik Shakespeare er ein portal til engelsk litteratur, er den raise og snakkesalige Whitman gudfar til moderne amerikansk lyrikk, ein poet som «song» Amerika.

Tittelen er lånt frå det nest siste diktet i «Songen om meg sjølv», frå eit avsnitt som nærast er ein digresjon, og der dei tre tittelord berre kjem i ein parentes:

Motseier eg meg sjølv?

*Ja vel, då motseier eg meg sjølv
(Eg er stor, eg rommar mengder)*

Men om den whitmanske utsegna kjem i hast, i ein parentes i eit innskot, er det rekna som ein nykel til å skjøna kva som er sjølvet i «Songen om meg sjølv». *Who's talking?* Det er eit eg som er meir og større enn berre mangfaldig og motsetnadsfylt, eit eg som er alle – i det minste mengder, *multitudes*, gjerne forstått som menneskemengder.

Herfrå går det linjer til det utvida sjølvbiletet Dylan utforska i skriftlyrikken sin kring 1964. Dei to nye songane er rike på ordspela han den gongen leika seg med i tekstar om eget, til dømes i eit spel med dei likelydande orda *eye* (auga) og *I* (eg): «I cannot say the word eye anymore... when I speak this word eye, it is as if I am speaking of somebody's eye that I faintly remember... there is no eye.» Framført på norsk ville det lyda om lag slik: «Eg kan ikkje seia ordet eg lenger... når eg uttalar ordet eg, er det som om eg pratar om ein kvan og knapt hugsar... det finst ikkje eg.»

DEADPAN

Innsikta formidlar han ikkje grandios og altomfemnande som Whitman, men *deadpan*, lakonisk og skjelmisk, med eit referansemetta pokerandlet. Det gjeld røysta òg, som snart er



Walt Whitman (1819–1892). Biletet er teke i 1867. Foto: George C. Cox

uttrykkslaus, snart innsmigrende på eit ikkje heilt tillitvekkjande vis.

*Gamle grådige ulv
Du skal få sjå mi sjel
Men ikkje heile
Berre ein hateful fall del*

Han gjev røyst til eit eg som på den eine sida nervøst bit negler, og som på den andre sida tek del i blodhemn, som målar landskap, men akt òg, som vil fara til dei fjernaste stader, men som bryt saman om du ikkje vert med. Han samanliknar seg sjølv med bortgøynde Anne Frank og eventyraren Indiana Jones:

*Eg er som Anne Frank,
som Indiana Jones
og dei britiske pøblane
The Rolling Stones*

Medan «Murder Most Foul» var metta av musikalske referansar, peikar dei litterære seg ut i «I Contain Multitudes»: William Blake og *Songs of Experience*, Edgar Allan Poe og «The Tell-Tale Heart», Walt Whitman og «Song of Myself».

VONDT VENDEPUNKT

Eit farvel til dei akustiske åra var turnéfilmen frå 1965 med den aggressive tittelen *Don't Look Back*. Dei nye songane tyder på at 78-åringen no ser seg attende. Livet har vore uvanleg samansett. Nihilist og moralist, Patriarkalsk og progressiv. Ortodoks jøde og evangelisk kristen. Familiemann og bohem. Eit av dei vondaste vendepunkta var overgangen frå den akustiske til den elektriske fasen.

Hausten 1963, ein månad før drapet på president Kennedy, skreiv og spelte Dylan inn «The Times They Are A-Changin'», som snøgt vart ein global kampsong for det politiske ungdomsopprøret då

albumet kom i januar 1964. Men etter at han slo gjennom kommersielt sumaren 1965 med hippe, elektriske «Like A Rolling Stone», stogga han heilt å framføra «The Times They Are A-Changin'», protestsongen over alle protest-songer. Songen dei fleste ynskte å høyra, spelte han ikkje offentleg på nær ni år, frå mai 1965 til januar 1974.

Nyleg vart den handskrivne kladden av songteksten til «The Times They Are A-Changin'» lagd ut for sal. Utgangsprisen er 23 millionar kroner, og kladden ser dimed ut til å verta høgare verdsett enn kladden til «Like A Rolling Stone», som i 2014 vart seld på Sotheby for 21 millionar kroner.

Det liknar ein lagnadens vri at dette hender samstundes som Dylan no gjev ut «I Contain Multitudes». Nok ein gong ser det ut til at det vesle tannhulet hans snurrar i lag med andre.

HÅVARD REM

Håvard Rem er journalist i Dag og Tid.



lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no